

Oppdater info på studiestaden - tekstforslag

Forslag 1. Om Tibi

Til bruk på nettsider eller andre relevante stader retta mot studentar. Tilpass etter behov!

Pensum som lydbok og e-bok

Studentar med syns- eller lesevanskar kan låna tilrettelagd studielitteratur frå Tibi – Biblioteket for tilrettelagd litteratur (tidlegare NLB). Tilbodet er offentleg og for studentar på universitet, høgskule og fagskule.

Bokutval

Hos Tibi får du både lydbøker med tekst og e-bøker. Samlinga har fleire tusen bøker og dekkjer mange fag. Du får også tilgang til tilrettelagde studie bøker frå andre land.

Kven kan låna?

Alle som har utfordringar med å lesa visuell tekst, kan bli lånar. Nedsett syn, dysleksi, ADHD, kognitive utfordringar eller funksjonsnedsetjingar som gjer det vanskeleg å halda og bla i ei bok, kan vera det som gir lesevanskar og lånerett.

Blinde og sterkt svaksynte studentar har rett til å få produsert studielitteraturen dei treng.

Sjekk ut tibi.no for meir informasjon!

Tibi er ei teneste frå Nasjonalbiblioteket

Kontakt

www.tibi.no

E-post: student-tibi@nb.no

Telefon: 22 06 88 10 (kverdagar kl. 10-14)

Forslag 2. Kortare om Tibi

Pensum som lydbok og e-bok

Studentar med syns- eller lesevanskar kan låna tilrettelagd studielitteratur frå Tibi – Biblioteket for tilrettelagd litteratur (tidlegare NLB). Tilbodet er offentleg og for studentar på universitet, høgskule og fagskule.

Tibi har lydbøker med tekst og e-bøker i mange fag. Nedsett syn, dysleksi og andre lesevanskar kan vera det som gir lånerett.

Du finn meir informasjon om tilbodet og kven som kan låna på www.tibi.no.



Tibi har lydbøker og e-bøker i mange fag til studentar med lesevanskar. (Foto: Shutterstock)